



Kartverket

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Kvinnherad kommune	
31 AUG. 2023	
Saksnr.: 22/3275	U.off.:
Saksbeh.: GSA	Kopi:

Deres ref.:
2022/3275-13

Vår ref. 22655318
Sak/dok.: 23/30374-1
Ark.: 346

Dato:
29.08.2023

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 134 bnr. 79 og delar av bnr.34 i knr. 4617 Kvinnherad kommune

Vi har vurdert erklæring om bruksrett de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Det blir opplyst i erklæringa at retten til bruksrett til kaianlegget er skogeigarane i Kvinnherad kommune. Disse må anten komma fram med namn og fullt fødselsnummer eller organisasjonsnummer. Slik at kjem fram kven som er rettshavar og kven som då eventuelt kan sletta retten.

Dokumentet er uklart for oss. Vi er derfor usikre på korleis dokumentet skal registrerast i grunnboka. De må formulere dokumentet på ein slik måte at det er klart kva rettsstiftinga gjeld, kva eigedom dokumentet skal tinglysast på, og kven eller kva for eigedom som er rettshavaren etter dokumentet. Vi viser til tinglygingslova § 8 og tinglygingsforskrifta § 4.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt. Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 95.

Med vennlig hilsen
Marianne Orre Lund
saksbehandlar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

www.kartverket.no

Kartverket eiendomsdivisjonen, Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss
Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
Telefon: 32 11 80 00 Telefax: 32 11 88 01 E-post: tinglysing@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238



2022/3275-8
17.04.2023

ERKLÆRING OM BRUKSRETT PÅ BØRNES TØMMERKAI, DEL AV GNR 134 BNR 34 I KVINNHERAD KOMMUNE, OG GNR 134, BNR 79 I KVINNHERAD KOMMUNE. EIGD AV SØRE KVINNHERAD SKOGEIGARLAG.

Kvinnherad kommune og søre Kvinnherad skogeigarlag erklærer med dette at skogeigarane i Kvinnherad kommune er sikra ein langsiktig og prioritert bruksrett til kaianlegget og tilstøytande lagringsareal ved Børnes tømmerkai, gnr bnr 134/79 og del del av gnr bnr 134/34. Del av gnr. bnr. 134/34 er avgrensa av kaifront i nord, grensar mot 134/79 i vest, fjellskjering i sør og mot tilkomstveg i aust, sjå kartvedlegg. Dei omtalte skogeigarane kan nytta kaien gjennom dei omsetjingsledd som er representert i regionen. Med langsiktig bruksrett forstår ein ei varigheit på minimum 25 år. Bruksretten gjeld for lagring og utskipping av skogvirke, tømmer og flis over kaien.


For å bidra til dette vert følgjande erklært:

- All bruk av kaianlegget skal skje i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lovar og forskrifter, medrekna at brukar av kaianlegget skal strekkja seg for at aktiviteten på kaianlegget har så låg verknad på miljøet som mogleg.
- Kvinnherad kommune/søre Kvinnherad skogeigarlag skal koordinera bruken av kaianlegget slik at alle aktuelle brukarar, så langt det let seg gjera, får tilgang til å bruka anlegget.
- Kvinnherad kommune/søre Kvinnherad skogeigarlag har ansvar for forsikring, drift og vedlikehald av kaianlegget med lagerplass og tilkomstvegar, samt kostnadane med dette. Kvinnherad kommune/søre Kvinnherad skogeigarlag vil krevja leige for bruk av kaien som dekkjer faktiske driftskostnadar og tek omsyn til at Staten har løyvd kroner 9.521.000.- i tilskot til bygging av anlegget.
- For prioritert bruk av kaianlegget, inkludert bak-lager, må skogeigarane med sine kjøparar/seljarar av skogvirke, melda inn sine behov for utskipping med ein månad varsel til Kvinnherad kommune/søre Kvinnherad skogeigarlag. Med prioritert bruksrett er det meint at kaien skal prioriterast for utskipping av skogvirke. Når kaien ikkje vert brukt til skogvirke kan den nyttast til andre formål etter nærare avtale med kaieigar.
- Ved skiping kan kaifront i utgangspunktet disponerast i inntil to døgn. Dersom det ikkje vert meldt inn andre behov, kan kaifronten nyttast til mellomlagring i inntil tre veker. Slike langtidslagringsbehov skal òg verta varsla til kaieigar eller den med råderett.
- For prioritert bruk av bak-lager i inntil tre månadar må skogeigarane med sine kjøparar/seljarar av skogvirke melda inn behov for lager med ein månad varsel til Kvinnherad kommune/søre Kvinnherad skogeigarlag.
- Tilrettelegging, opprydding før og etter utskipping, inkludert montering og demontering av store, faste stabelstøtter, vert føreteke av Kvinnherad kommune/søre Kvinnherad skogeigarlag. Kostnadar ved tilrettelegging og opprydding etter skiping av skogvirke vert dekkja av kaileiga.
- Ved intern prioriteringskonflikt mellom aktørar skal konflikten i utgangspunktet løysast mellom partane. Dersom ein ikkje vert samde skal konflikten løysast av ei voldgiftsnemnd der ein dommar i Sunnhordland Tingrett vert oppnemnd som leiar.
- Ved den kommunale kaien skal det vera 5 meter kaifront som det ikkje skal lagrast tømmer på.

Kvinnherad 17.04.2023


Hilde Enstad
Ordfører, Kvinnherad kommune
org nr 964 967 636




Kristine Frøystein Reime
leiar, søre Kvinnherad skogeigarlag
org nr 955 613 139



Vedlegg til erklæring om bruksrett, Børnes tømme

Dato: 17.04.2023

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N



Areal for Børnes tømmerkai og bruksrettavtale

